

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	01.06.2015
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	3-2015

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
14/15	Godkjenning av protokoll frå møte den 20. april 2015
15/15	Orientering om Bjerkreim kommunes rekneskap pr. 1. tertial 2015
16/15	Ny gjennomgang av skulemiljøet i Bjerkreim - utkast til prosjektmandat
17/15	Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2014
18/15	Revisors uavhengighetserklæring 2015
19/15	Statusoversikt pr. juni 2015
20/15	Evalueringsrapport av kontrollutvalets arbeid i inneverande periode

Referatsaker/meldinger

Periode:	20.04.2015 - 01.06.2015	
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
4/15	13/00301-45	Melding om vedtak ang. bestilling av oppfølgingsrapport - skulemiljøet i Bjerkreim

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. 988 06 776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast tinn.

Evt. saker merka (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/møtande varamedlemmer.

Vikeså, 22.05.2015

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

14 / 15 Godkjenning av protokoll frå møte den 20. april 2015

Arkivsak-dok. 13/00050-21
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	01.06.2015	14/15

Protokoll frå møte den 20. april 2015 vert lagt fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 20. april 2015

SANDNES, 04.05.2015

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Protokoll Kontrollutvalet i Bjerkreim 20.04.2015](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

15 / 15 Orientering om Bjerkreim kommunes rekneskap pr. 1. tertial 2015

Arkivsak-dok. 13/00137-14
Arkivkode. 212
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	01.06.2015	15/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal i følge kontrollutvalgsforskriftens § 7 gi uttale til kommunestyret om årsrekneskapet. Som eit ledd i dette vert det bedd om ei orientering frå kommuneadministrasjonen om tertialrapportane.

Saksutredning:

Sekretariatet har avtalt med økonomisjefen at han møter og orienterer om rekneskapet for 1. tertial 2015.

Kontrollutvalet skal ikkje behandla tertialrekneskapet, men tar framlegget til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar økonomisjefen sin gjennomgang av rekneskapet for 1. tertial 2015 til orientering.

SANDNES, 20.05.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

[Tilbake](#)

16 / 15 Ny gjennomgang av skulemiljøet i Bjerkreim - utkast til prosjektmandat

Arkivsak-dok. 13/00301-46
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	01.06.2015	16/15

Bakgrunn:

I samband med oppfølging av den tidlegare rapporten om skulemiljøet i Bjerkreim frå 2013, fatta kommunestyret i Bjerkreim vedtak om at kontrollutvalet skulle sjå på skulemiljøet på ny i 2015. Kontrollutvalet ba kommunestyret om ein uttale til om dette skulle skje i 2015 eller 2016. Kommunestyret fatta på møte den 15. april 2015 slikt vedtak:

Kommunestyret vil halda fast ved vedtaket i K-sak 43/13: "Kontrollutvalet går inn i skulemiljøet på ny i 2015."

Hovudfunna i den forrige rapporten var:

- **Det fattes sjelden enkeltvedtak i sakene, og saksbehandlingen tar for lang tid** i flere saker. Også klagebehandlingen tar for lang tid.
- **Veiledning.** Det ser ut til at skolen ikke har oppfylt sin veiledningsplikt i henhold til forvaltningsloven i flere av sakene. Gjennomgående synes vi skolen er veldig sene med å avklare hva foreldrene ønsker, og foreldrene blir sjelden informert om sine rettigheter
- **Tiltak.** I flere saker har skolen satt inn tiltak for å skape et bedre skolemiljø for den enkelte elev. Og vi finner enkelte eksempler på at tiltakene har en positiv effekt på elevens skolemiljø. Men vi har også eksempler på at tiltakene er satt inn for sent. I noen tilfeller ser det ut til at skolen har iverksatt tiltak og evaluert disse, uten at foreldrene har vært informert. Inntrykket vårt er at flere av de foresatte synes å ha lite kjennskap til hvilke tiltak som er satt inn, og hva som har skjedd i etterkant av henvendelsen.
- **Ulike virkelighetsoppfatninger.** Gjennomgangen vår tyder på at foresatte/FAU og skolen har helt ulike virkelighetsoppfatninger. Dette gjelder både oppfatninger av hva som er fakta i den enkelte sak, vurderinger av sakene, og det gjelder den generelle oppfatningen av skolens håndtering av sakene. Enkelte saker synes å være temmelig fastlåste.
- **FAU mangler tillit til skolen.** Gjennomgangen vår tyder på at de foresatte og FAU mangler tillit til skolen. Intervjuene viser ganske tydelig at de ikke har tiltro til skolens evne og vilje til å ta tak i skolemiljøproblemer når de oppstår. Dette tror vi skyldes flere forhold: Kommunens og skolens håndtering av saken som ble avgjort av Fylkesmannen, mangelfull og treg saksbehandling i de nye sakene, at flere foresatte ikke opplever at elevenes skolemiljø bedres, lite informasjon om hva som skjer i sakene, dårlig kommunikasjon mellom rektor og foresatte, og kommunens klagehåndtering.
- **Positive trekk.** I gjennomgangen finner vi også enkelte eksempler på at skolen har fått til, eller forsøker å få til, gode tiltak for elevene, slik at skolemiljøet bedres. Skolens logger tyder også på at skolen er opptatt av elevens skolemiljø, og at man følger nøye med på utsatte elever. Skolen opplever at mye av det de gjør og foretar seg blir tolket i verste mening, også i tilfeller der man mener man har strukket seg langt for å hjelpe eleven og imøtegå de foresatte.

Saksutredning:

På forrige møte fatta kontrollutvalet vedtak om at revisor i grove trekk skulle sjå nærare på

Kva er status pr. i dag forhold til dei tiltaka som vart påpeika i tidlegare undersøkingar, inkl. kontrollutvalets presiseringar ved behandling av den første rapporten.

Revisor har laga eit utkast til prosjektmandat for gjennomføring av oppdraget. Her vert det foreslått at føremålet med rapporten skal vera å sjå nærare på korleis Bjerkreim kommune har følgd opp forrige rapport om skulemiljøet.

Ut frå dette føremålet foreslår revisor at det vert sett nærare på desse problemstillingane:

- Har oppfølgingen av forrige rapport medført endringer i skolens og kommunens kvalitetssystem (for eksempel i form av nye rutiner og prosedyrer internt på skole eller i form av nye samhandlingsrutiner mellom skole og skolesjef)?
- I hvilken grad følger Bjerkreim kommune opplæringslovens bestemmelser om elevenes psykososiale miljø i konkrete saker, i tiden etter forrige rapport?
 - I hvilken grad håndteres henvendelsene raskere nå enn før?
 - I hvilken grad gis det informasjon til foresatte om hva som skjer i sakene? (hvordan henvendelsen håndteres, hvilke tiltak som settes inn).
- Hvordan foregår klagebehandlingen i skulemiljøsaker, og i hvilken grad foregår den raskere enn før?
- I hvilken grad har skolen og kommunen klart å gjenopprette tilliten i forbindelse med håndteringen av skulemiljøsaker?

Før endelig bestilling må kontrollutvalet ta stilling til om revisors forslag til føremål og problemstillinger dekkjer det utvalet ønskjer å oppnå med prosjektet. Den som vil vera ansvarleg for utarbeiding av rapporten vil delta på møtet. Slikt prosjektet ligg føre nå, er det kostnadsrekna til 150 timar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Skulemiljøet i Bjerkreim» i tråd med det forslaget til gjennomføring som ligg føre frå revisor, med dei presiseringar som kom fram i møtet.

SANDNES, 05.05.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

Utkast til prosjektmandat

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

Tilbake

17 / 15 Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2014

Arkivsak-dok. 13/00055-23
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	01.06.2015	17/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet ber administrasjonen om å leggja fram ein enkelt halvårlig rapport over status på oppfølging av politiske vedtak. Rapporten skal òg leggest fram for kommunestyret.

Saksutredning:

Sekretariatet har mottatt oversikter over de vedtak som er fatta 2. halvår 2014. Det er laga egne rapportar for LMT-utvalet, levekårsutvalet, formannskapet og kommunestyret, samt ei restanseliste for saker som ikkje er avslutta sidan forrige rapportering. Sekretariatet har og laga ei oversikt over kontroll utvalets saker 2. halvår 2014.

I *kommunestyret* sine saker er dei fleste sakene sett i verk eller under arbeid, med unntak av to sakar som er avslått og 1 sak som er trekt. Fleire av sakene er kommentert særskilt.

Av saker vedtatt i *formannskapet* i perioden er de fleste sakene avslutta eller vidaresendt kommunestyret. Tre av sakene er avslått og 1 av desse er sendt til fylkesmannen for klagebehandling. Status for sakene går fram av vedlegget.

Når det gjeld *levvekårsutvalet* er alle saker gjennomført eller vidaresendt andre for sluttbehandling, med unntak av to saker. Det går fram av vedlegget kva som er status i sakene.

I *LMT-utvalet* er alle saker registrert som avslutta eller under arbeid.

Kontrollutvalet sine saker er enten ferdigstilt/gjennomført eller under arbeid, det siste gjeld selskapskontroll og oppfølging av rapport. Begge er forventa lagt fram for kontrollutvalet i denne perioden.

Liste over saker som framleis ikkje er avslutta sidan førre rapportering var ikkje mottatt ved utsending av sakene, og vil bli ettersendt på e-post over pinse.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2014 til orientering.

SANDNES, 19.05.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Jane D. Idland
Saksbehandlar

Vedlegg:

[Samlehefte Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2014](#)
Restanseliste - ettersendes

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

18 / 15 Revisors uavhengighetserklæring 2015

Arkivsak-dok. 13/00280-15
Arkivkode. 037
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	01.06.2015	18/15

Bakgrunn

Oppdragsansvarlig revisor skal årlig og elles ved behov gi ei skriftlig eigen vurdering til kontrollutvalet om oppdragsansvarlig revisors uavhengighet (Forskrift om revisjon § 15).

Saksutgreiing

Sekretariatet har motteke vedlagt erklæring frå revisor, som er ei eigenerklæring om revisors uavhengighet i forhold til Bjerkreim kommune.

Ifølgje Kommuneleovens § 79 skal den som føretek revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisors nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisors uavhengighet og objektivitet. I tillegg seier forskriftas §§ 13 og 14 noko om kva for krav som skal stillast til at revisor skal vera uavhengig, og kva for avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Iflg. kommentarar til forskrift om revisjon (vedl. 2 til Rskr. H-15/04) gjeld kravet til uavhengighet og objektivitet både revisor og revisors medarbeidarar, men kravet om dokumentasjon gjeld som nemnt i erklæringa bare oppdragsansvarlig revisor. Det er også nemnt i same vedlegg til rundskrivet at oppdragsansvarlig revisor som eit minimum skal gi ei årlig skriftlig eigen vurdering til kontrollutvalet om sin uavhengighet.

Revisors erklæring om uavhengighet gis på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar revisors uavhengighetserklæring for 2015 til orientering.

SANDNES, 22.05.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Uavhengighetserklæring](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

[Tilbake](#)

19 / 15 Statusoversikt pr. juni 2015

Arkivsak-dok. 13/00051-32
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	01.06.2015	19/15

Bakgrunn

Denne oversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta.

Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutredning

Oversikta inneheld tabellar over prosjekt som kontrollutvalet arbeider med eller som er ferdigstilte. Først ei oversikt over pågåande prosjekt, deretter ei oversikt over prosjekt som er behandla i kontrollutvalet, men der oppfølging av kommunestyrets vedtak ventar og til slutt ei oversikt over ferdigstilte prosjekt i den inneverande perioden.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskeleg å prioritera andre tiltak. Plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møtet ligg det føre bestilling av ny rapport for gjennomgang av skulemiljøet i Bjerkreim.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt pr. juni 2015 til orientering.

SANDNES, 04.05.2015

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Statusoversikt pr. juni 2015](#)

[Tilbake](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

20 / 15 Evaluering av kontrollutvalets arbeid i inneverande periode

Arkivsak-dok. 13/00217-40
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	01.06.2015	20/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har nå kun att eitt møte til i inneverande periode før det vert vald nytt kontrollutval. Sekretariatet inviterer derfor alle kontrollutvala til å evaluera den perioden som har gått.

Saksutredning:

Kontrollutvalet vert invitert til å gi tilbakemelding om erfaringar frå den perioden som nå går mot slutten innafor tema som:

- Samarbeidet med kommunen (adm./politisk)
- Samarbeidet med revisor/tilsyn med revisor
- Samarbeidet med sekretariatet
- Opplæring frå sekretariatet og revisor
- Kurs/konferansar
- Budsjett- og budsjettoppfølging (kontrollutvalets budsjett, tilgjengelige midlar)
- Rapportering til kommunestyret, (rapportar, oppfølgingar, årsmelding m.v.)
- Forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar
- Regnskap og internkontroll
- Anna kontrollutvalet ønskjer å ta med

For å gjere det litt enklare, har vi lagd eit skjema (vedlegg) som kan nyttast. Det er sjølvstendig også høve til å ta opp tema som ikkje er nemnt i dette skjemaet.

Det vert føreslått at sekretariatet samanfattar dei innspela som kommer fram og legg fram eit referat til neste møte. Kontrollutvalet vel sjølv om dei ønskjer at referatet skal vidareformidlast til det nye kontrollutvalet. Referatet vil også vera nyttig for oss som betener kontrollutvalet (sekretariatet og revisor).

FORSLAG TIL VEDTAK:

Sekretariatet samanfattar dei innspela som har kome i eit referat som vert lagt fram for utvalet til neste møte.

SANDNES, 04.05.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg: [Evalueringsskjema](#)

[Tilbake](#)

Referat- / meldingssak:

4/15 [Melding om vedtak i kommunestyret](#) ang. bestilling av oppfølgingsrapport – skulemiljøet i Bjerkreim

[Tilbake](#)